

FOLKEHØGSKOLERÅDET

Norsk Folkehøgskolelag (NF) • Noregs Kristelege Folkehøgskolelag (NKF)

Folkehøgskolene
Folkehøgskoleorganisasjonene
Folkehøgskolebladene

J.nr. 94/04rundskriv

FHSR-rundskriv 9-04
Oslo 11. mai 2004

SATSAR FOR TILKALLA FORELESARAR

PM nr. 5/2004 frå Arbeids- og administrasjonsdepartementet, og som mellom anna omhandlar godtgjersle for forelesingar, er sendt ut 28. april. Etter drøfting med Samnemnda for NF og NKF tilrår Folkehøgskolerådet at ein nyttar dei satsane som finst i Statens Personalhandbok pkt 12.4.1. Desse forelesingssatsane har statstenestemenn som målgruppe, men honorarnivået svarer i store trekk til tidlegare fastsetting frå departementet.

Enklare undervisning: kr 310,- pr. time

Låg vanskegrad og lite krevjande målgruppe

Standardundervisning: kr 545,- pr. time

Ordinær vanskegrad og/eller krevjande målgruppe

Spesiell undervisning: kr 800,- pr. time

Stor vanskegrad og/eller uvanleg krevjande målgruppe

Kva for nivå ein vil leggje seg på vil vera ei vurderingssak, men satsen for standardundervisning er meint å vera den vanlege.

Satsane gjeld frå 1. januar 2004.

Vi håper dette kan vera til hjelp for skolane!

Med helsing for Folkehøgskolerådet

Leon Haugsbø /s/
leiar

Odd Arild Netland /s/
sekretær